

---

Vår referanse 2020/61634-6  
Dato 08.06.2021

---

Judith Eikevik  
Kollåsen 54  
5116 ULSET

## Løyve - Avkøyrsløse - Fv. 57 Lindåsvegen - Gnr 99 bnr 4 - Alver kommune

Vi viser til søknad om utvida bruk av avkøyrsløse mottatt 26.11.2020. Vi viser og til brev frå Alver kommune datert 10.05.2021.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsløse frå fylkesveg 57 til gnr. 99 bnr. 4 i Alver kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløse frå offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløse saker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vilkår for løyvet:

1. Løyvet gjeld nytt våningshus og kårbusstad på gnr. 99 bnr. 4 i Alver kommune.
2. Eksisterande avkøyrsløse til fv. 57 skal nyttast
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløse, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Arbeidet med nytt våningshus og kårbusstad må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsløse har sjølv ansvaret for at krav til utforming av avkøyrsløse til ei kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet.

### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløse frå.

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrsløse frå fv. 57 til gnr. 99 bnr. 4 i Alver kommune. Eigedommen det gjeld er ein eldre landbrukseigedom. Det er søkt om å rive eldre våningshus og driftsbygning, og oppføring av nytt våningshus, garasje med ei buening (kårbustad) og sauefjøs. Eigedommen har i dag køyrbar tilkomst og vi legg til grunn at det allereie føreligg godkjent avkøyring for ei buening.

Fylkesveg 57 har ei fartsgrense 80 km/t på staden. Årsdøgertrafikk er 4500 og strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 1* jf. Rammeplan (2021 - 2024).

Rammeplanen er retningsgjevande for kva haldning som skal leggest til grunn ved søknad om avkøyrsla. Rammeplanen legg til grunn ei svært streng haldning for nye avkøyrslar og utvida bruk av eksisterande. Den seier vidare at det kan opnast for utvida bruk i samband med stadbunden næring, utan at tiltaket vert avklart gjennom ein reguleringsplan. Søknaden gjeld tiltak på ein landbrukseigedom, som er bunde av areala. Det er under utarbeiding ein reguleringsplan for strekninga, som legg til rette for noko utbetring av avkøyrsla. Dette ligg fram i tid. Det er ikkje søkt om frådelling av areala. Søknaden kom inn før ny Rammeplan vart vedtatt. Vegvesenet har tidlegare uttalt seg negativt til at avkøyrsla skal nyttast til tømmeravkøyrsla, men ikkje til bustad. Søkjar opplyser at det ikkje lenger er aktuelt å ta ut tømmer.

Etter ei samla vurdering godkjenner vi utvida bruk av avkøyrsla som omsøkt.

#### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen  
leiar

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

Alver kommune    Postboks 4